

Arbeidsmarkedet nå – april 2014


"Arbeidsmarkedet nå" er eit månadleg notat frå Utredningsseksjonen i Arbeids- og velferdsdirektoratet. Notatet er skriva av Jorum.Furuberg@nav.no 6.mai2014.

Nedgang i arbeidsløysa i april

Summen av heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak, bruttoarbeidsløysa, minka med 1 500 personar i løpet av april, medan talet på heilt arbeidslause minka med 500. Dette viser sesongkorrigerte tal frå NAV. Høgtidsdagar i samband med påska har innverknad på arbeidsløysetala, dette gjer at ein må tolka desse tala med varsemd.

Ved utgangen av april er det registrert 74 600 heilt arbeidslause. Dette er 6 000 fleire enn same tid i fjor, ein auke på 9 prosent. Summen av heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak var 91 400, 3 100 fleire enn same tid i fjor. Bruttoarbeidsløysa svarer til 3,4 prosent av arbeidsstyrken.

Figur 1. Utviklinga i talet på registrerte heilt arbeidslause, bruttoarbeidsløysa og arbeidslause ifølgje Statistisk sentralbyrå si arbeidskraftundersøking (AKU). Sesongjusterte tal. Januar 2008 – april 2014



Kjelde: NAV og SSB


Færre nye arbeidssøkjjarar

Tilgangen av nye arbeidssøkjjarar¹ per yrkedag har vist ein minkande trend dei siste seks månadene (figur 2).

¹ Inkluderer heilt arbeidslause, delvis arbeidslause, arbeidssøkjjarar på tiltak og andre arbeidssøkjjarar.

I april var det registrert 8 900 heilt arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak med arbeidssøklarvarigheit under 4 veker. Dette er 3 400 færre enn same tid i fjor, ein nedgang på 28 %. Sjølv når ein tar omsyn til at fridagane i samband med påska vanlegvis fører til ein nedgang i talet på nye ledige, viser desse tala at det no er færre nye arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak enn same tid i fjor.


Figur 2. Tilgang av arbeidssøklarar per yrkedag. Sesongjustert. Trend. Januar 2008 – april 2014



Kjelde: NAV

Blant dei med arbeidssøklarvarigheit under fire veker har det vore ein nedgang innan alle yrkesgrupper samanlikna med tal for april i fjor (figur3). Målt i talet på personar var nedgangen størst blant dei utan yrkeserfaring og blant personar med bakgrunn frå butikk- og salsarbeid. Innan ingeniør og ikt- fag var nedgangen minst.

Figur 3. Talet på heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak med arbeidssøkjjarvarigheit under 4 veker, etter yrkesbakgrunn. April 2013 –april 2014



Kjelde: NAV

Utviklinga i internasjonal økonomi

I 2013 snudde trenden med økonomisk nedgang i eurosona, og det var vekst i BNP i dei tre siste kvartalane i fjor. I løpet av 2013 var veksten også sterk i Sverige og Storbritannia, som er viktige handelspartanarar for Noreg. Tal frå Eurostat viser at i industriproduksjonen i eurosona vaks med 0,2 prosent i løpet av februar, og med 0,4 prosent i EU samla. Trass i vekst i dei fleste land i EU er arbeidsløysa framleis på eit svært høgt nivå. I eurosona var arbeidsløysa på 11,9 prosent i februar, uendra sidan oktober i fjor. I EU samla var arbeidsløysa 10,6 prosent i februar, ein nedgang på 0,1 prosentpoeng frå månaden før.

BNP i USA vaks med 0,1 prosent 1. kvartal i år, målt som årleg rate. Dette er klart lågare enn i 4. kvartal i fjor. Noko av den låge veksten blir forklart med dårleg ver i januar og februar. Ulike indikatorar tyder likevel på at aktiviteten i økonomien vil halda fram med å auka. Arbeidsløysa var på 6,7 prosent i mars, uendra frå februar.

Økonomisk vekst i Europa og USA vil kunna auka etterspørselen vil vera positivt for norsk eksportindustri.

Utviklinga i norsk økonomi

SSB sitt konjunkturbarometer for 1. kvartal viser aukande produksjon innafor mange deler av industrien, hovudsakeleg som følgje av auka etterspørsel etter norske eksportvarer. Industrileiarane innafor bygging av skip og oljeplattformer meldte likevel om ein nedgang i aktiviteten. Konjunkturbarometeret viser ein svak vekst i industrisyssetjinga samla. Også SSB sin

produksjonsindeks viser ein auke i industriproduksjonen med 1,1 prosent frå 4. kvartal i fjor til 1. kvartal i år.

Detaljomsjetjingsindeksen til SSB viser ein auke i omsetjinga i detaljhandelen på 1,0 prosent frå februar til mars i år. Også varekonsumindeksen viser ein auke i hushalda sitt varekonsum på 1,3 prosent frå februar til mars. Desse tala tyder på at privat forbruk er på veg opp, noko som vil gi auka aktivitet i økonomien.

Bustadprisane falt i 2. halvår i fjor, men auka igjen i 1. kvartal i år, viser tal frå SSB. I 1. kvartal var bustadprisane på nivå med same tid i fjor. SSB sin byggearealstatistikk viser ein nedgang i talet på løyver til i gangsetjing av bustadbygg med 1 prosent frå februar til mars. For bygg til andre formål enn bustad var det ein auke i løyve til igangsetjing på 9 prosent i same periode.

Nedgang i bruttoarbeidsløysa i dei fleste yrkesgrupper

Bruttoarbeidsløysa gjekk ned innan alle yrkesgrupper den siste månaden, bortsett frå for meklarar og konsulentar, viser sesongjusterte tal. Nedgangen var størst blant personar utan yrkesbakgrunn og innan akademiske yrke.

Samanlikna med april i fjor har arbeidsløysa gått mest ned for dei utan yrkeserfaring (-14 %). Det har også vore ein nedgang i arbeidsløysa det siste året blant personar med bakgrunn frå jordbruk, skogbruk og fiske og akademiske yrke, begge yrkesgrupper med ein nedgang på 4 prosent. I alle dei andre yrkesgruppene er bruttoarbeidsløysa høgare enn for eitt år sidan. Auken er størst bant leiarar (22 %) og blant personar med bakgrunn frå ingeniør- og ikt fag (20 %).

Bruttoarbeidsløysa er høgast blant personar med bakgrunn frå bygg og anlegg med 6,1 prosent av arbeidsstyrken og reiseliv og transport med 5,6 prosent av arbeidsstyrken. Lågast bruttoarbeidsløysa finn vi innan undervisning med 1,0 prosent og innan akademiske yrke med 1,1 prosent.

Leiarar

Ved utgangen av april er det 22 prosent fleire heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak i yrkesgruppa leiarar, samanlikna med same tid i fjor. Den prosentvise auken er størst i blant politikarar og toppleiarar (50 %). Leiarar er likevel ei lita yrkesgruppe med få arbeidslause målt i talet på personar (figur 6).

Bygg og anlegg

Innan bygg og anlegg var det 800 fleire heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak i april i år samanlikna med april i fjor. Den største prosentvise auken har kome blant hjelpearbeidarar innan bygg og anlegg (21 %) og blant elektrikarar (20 %).

Industriarbeid

Samla innan industriarbeid er det like mange heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak som i april i fjor. Bruttoarbeidsløysa har gått mest opp blant støyparar, sveisarar og platearbeidarar (13 %), medan nedgangen har vore størst blant prosess- og maskinoperatørar (-9 %).

Ingeniør- og ikt-fag

Samanlikna med april i fjor er det 600 fleire heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak med balgrunn frå ingeniør- og ikt-fag. Prosentvis har arbeidsløysa auka mest i yrkesgruppa andre naturvitskapelege yrke (44 %) og blant ingeniørar og teknikarar (31 %).


Butikk- og salsarbeid

I alt er det 800 fleire heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak i april i år enn for eitt år sidan. Auken er størst innan butikkarbeid (8 %), men også innan anna salsarbeid (4 %) er det ein auke.

Helse, pleie og omsorg


Samla innan helse, pleie og omsorg er det 400 fleire heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak enn same tid i fjor. Auken er størst blant sosionomar og barnevernspedagogar (18 %) og blant omsorgs- og pleiearbeidarar (7 %).

Figur 4. Prosentvis endring i bruttoarbeidsløysa, dekomponert i endring for heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak etter yrkesbakgrunn. April 2013 – april 2014




Kjelde: NAV

Figur 5. Bruttoarbeidsløysa fordelt på heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak i prosent av arbeidsstyrken etter yrkesbakgrunn. April 2014



Kjede: NAV

Figur 6. Bruttoarbeidsløysa fordelt på heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak etter yrkesbakgrunn. Talet på personar. April 2014




Kjede: NAV

Størst auke blant dei som har søkt arbeid i over to år

Samanlikna med april i fjor har talet på heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak auka mest blant dei som har søkt arbeid over to år. Ein del av denne auken skuldast at personar som har vore registrert med nedsett arbeidsevne hos NAV, og som har motteke arbeidsavklaringspengar, passerte maksgrensa på fire år for mottak av arbeidsavklaringspengar i mars i år. Ein del av desse personane vil registrera seg som arbeidssøkjjarar hos NAV. Sidan tid registrert som person med nedsett arbeidsevne inngår i samla arbeidssøkjjarvarigheit, vil desse personane stå fram i NAV sin statistikk som personar som har vore arbeidssøkjjarar i lang tid, i staden for berre dei siste månadene. Dette gjer at talet på personar med lang arbeidssøkjjarvarigheit blir høgare enn reelt, medan talet på personar med kort arbeidssøkjjarvarigheit blir tilsvarande lågare.


Samanlikna med april i fjor er det ein sterk nedgang i bruttoarbeidsløysa blant personar med arbeidssøkjjarvarigheit på under 4 veker. Ein del av denne nedgangen skuldast at månadstala for april i år er oppdatertre kort tid etter påske. Meir om dette i siste avsnitt i dette notatet.

Figur 7. Prosentvis endring i bruttoarbeidsløysa, dekomponert i endring i heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak, etter varigheit som arbeidssøkjjar/med nedsett arbeidsevne. April 2013 – april 2014



Kjelde: NAV

Figur 8. Bruttoarbeidsløysa fordelt på heilt arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak, etter varigheir som arbeidssøklar/med nedsett arbeidsevne. Talet på personar. April 2014



Kjelde: NAV


Størst auke i Nord- Trøndelag

Den siste månaden har bruttoarbeidsløysa gått ned i alle fylke så nær som Nord-Trøndelag, Vest-Agder og Nordland viser sesongjusterte tal. Bruttoarbeidsløysa har gått mest ned i Telemark og Oppland.

Samanlikna med april i fjor har bruttoarbeidsløysa gått mest ned i Oppland og Telemark, begge fylker med ein nedgang på 8 prosent (figur 9). Auken er størst i Nord-Trøndelag med 19 prosent og Rogaland med 17 prosent.


Målt i prosent av arbeidsstyrken er arbeidsløysa høgast i Østfold med 4,8 prosent og i Oslo med 4,4 prosent. Bruttoarbeidsløysa er lågast i Sogn og Fjordane med 2,4 prosent og i Rogaland med 2,5 prosent.

Figur 9. Prosentvis endring i bruttoarbeidsløysa dekomponert i endring i heilt arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak, etter fylke. April 2013 – april 2014



Kjelde: NAV

Figur 10. Bruttoarbeidsløysa i prosent av arbeidsstyrken etter fylke. April 2014




Kjelde: NAV

Arbeidsløysa blant arbeidsinnvandrarar

Figur 11 viser bruttoarbeidsløysa for statsborgarar frå landa som har hatt den høgaste arbeidsinnvandringa til Noreg dei siste åra. I april var bruttoarbeidsløysa høgast for Polakkar (6 800), litauarar (2 600) og svenskar (1 600).


Prosentvis har bruttoarbeidsløysa auka mest for rumenarar (45 %), grekarar (42 %) og bulgararar (41 %). Trass i auken i bruttoarbeidsløysa frå desse tre landa, er talet på heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak framleis lågt, til saman på 1000 personar.

Figur 11. Bruttoarbeidsløysa dekomponert i heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak, etter statsborgarskap. Talet på personer i april 2014



Kjelde: NAV

Figur 12. Prosentvis endring i bruttoarbeidsløysa, dekomponert i endring i heilt arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak, etter statsborgarskap. April 2013 – april 2014





Kjelde: NAV

Spesielle tilhøve ved månadsoppdateringa

Påska fører til at det ofte er knytt ekstra uvisse til månadstala, også dei sesongjusterte, for mars og april. I fjor fall påska i mars, og tala for april i fjor blei difor ikkje påverka av påska. Månadsoppdateringa for april i år blei gjort ei veke etter påske. Sidan færre melder seg arbeidslause i påska enn elles, kan dette ha hatt innverknad på arbeidsløyseta. De kan særleg ha hatt innverknad på talet på arbeidslause med arbeidssøklarvarigheit på under fire veker.


Figurvedlegg

Figur 13 og 14. Utviklinga i summen av registrerte arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak, etter yrkesbakgrunn. Januar 2008 – april 2014. Januar 2008 = 100. Sesongkorrigererte tall



Kjelde: NAV

Figur 15. Utviklinga i summen av registrerte arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak i regionar. Januar 2008 – april 2014. Januar 2008 = 100. Sesongkorrigererte tall



Kjelde: NAV